

# Årsmøte 2024 i Vestre Sunnmøre Gjetarhundlag

Vart halde på Vestre Bakeri sin kafe` i Volda Fredag 19.01.24

Innkalling, sakliste. Årsmelding og Rekneskap var sendt ut til 31 betalande medlemmer på førehand.

## Møtereferat

Leiar Knut Jørgen Oseberg ynskte vel møtt til fylgjande frammøtte medlemmer

Knut Jørgen Oseberg	Leiar
Knut Sverre Dahl	Nestleiar
Ola Steinsvik	Kasserar
Camilla Ringstad Liavåg	Sekretær
Eldar Dale	Styremedlem

Philipp Schips, Gunnhild Larsgård, Per Steinsvik, Ailen Skogeng, Halvor Tenden, Lillian Stranden, Rasmus Aarflot, Otto Liavåg, Sunniva Nupen, Jan Myklebust

Konstituering av årsmøtet:

Leiar Knut Jørgen Oseberg vart vald til å leie årsmøtet

Eldar Dale vald til referent

Philipp Schips og Camilla Ringstad Liavåg valde til å signere referatet

Leiar refererte årsmeldinga som etter kort runde vart samrøystes godkjend med Jan Myklebust sin merknad om at medlemsmøtet ikkje var referert i den utsende årsmeldinga

Kasserar refererte hovudtala i rekneskapen og svarte på spørsmål

Jan Myklebust som hadde revidert rekneskapen påpeika kor viktig det er at vi på eit eller anna vis «premierer» grunneigarane av treningsbaner og prøvearenaer.

Rekneskapen vart so samrøystes godkjend.

Medlemskontingent 2024

Det vart røysta alternativt over å behalde noverande på kr. 300 og Ailen Skogeng sitt framlegg om å auke til kr. 350

Vedtak årskontingent 2024 kr. 300 mot 4 røyster som ville auke til 350.

Styrehonoraret skal vere uendra: Leiar kr. 2000 Kasserar kr. 1500 Styremedlemmer kr. 500.

Valnemda ved leiar Otto Liavåg presenterte nemda sitt framlegg

Leiar Knut Jørgen Oseberg hadde sagt frå seg vidare arbeid i styret og ny kandidat som styreleiar

Halvor Tenden vart samrøystes vald for 1 år

Camilla Ringstad Liavåg hadde og takka nei til styrearbeid vidare, ny kandidat

Lillian Stranden samrøystes vald for 2 år

Eldar Dale samrøystes attval for 2 år og etter valnemda sitt framlegg

Ola Steinsvik           ikkje på val

Kut Sverre Dahl       ikkje på val

Vararepresentantar

1ste vara til styret    Per Steinsvik   attval

2dre vara til styret    Rasmus Aarflot attval

Valnemda

Kim Garshol   Attval for 2 år

Otto Liavåg    ikkje på val

Revisorar

Ingvald Skårland    attval

Jan Myklebust       ikkje på val

Val av utsendingar til fylkesårsmøtet i M&R Gjetarhundlag

Halvor Tenden, Lillian Stranden, Ailen Skogen og Eldar Dale

Arbeidplan 2024

Kolåstindprøva i månedskifte Mai/Juni (Avklare om vi kan skaffe sau til prøva)

Fiskåprøva siste helga i August (Sau frå Jan/Marius)

Laget skal søkje om landsprøve

Kurs : Fyrste er i gang i Ridehallen i Hjørungavåg 20-21 Januar med Knut Jørgen Oseberg som instruktør. Styret arbeider vidare med plan for resten av året

Referent

Eldar Dale

Camilla Ringstad Liavåg

Sign.

Philipp Schips

sign.